



**POSTENS PENSJONISTFORBUND**  
**Postpensjonistane i Sunnhordland**  
Org.nr. 998 328 322

## ÅRSMELDING 2020

side 1.

### Årsmøtet 2020

Årsmøtet 2020 vart halde i kantina på Rehabiliteringssenteret på Leirvik, Stord onsdag 04.03.2020.

Det møtte 31 medlemer som leiar Eli Roseth Eik kunne ynskja velkomne.

Før Årsmøtet vart sett fekk vi servert velsmakande snittar, kaffi og kringle.

Etter matøkta fekk Liv Mortensen frå Norsk Folkehjelp ordet. Ho orienterte om det store arbeidet dei driv. Som takk for god og interessant informasjon fekk ho overrekt blomebukett.

Ved opninga mintest årsmøtet dei som var gått bort med 1 min. stilla.

Avviklinga av Årsmøtet gjekk etter denne saklista:

1	Godkjenning av innkallinga	5	Rekneskap
2	Godkjenning av saklista	6	Arbeidsplan for 2020
3	Val av dirigent og skrivar	7	Innkomne framlegg
4	Årsmelding	8	Val

Innkallinga og saklista vart samråystes godkjent. Eli Roseth Eik vart valt til dirigent og Berit Bergsvåg til skrivar.

Både årsmeldinga og rekneskapet vart samråystes godkjende.

Arbeidsplanen for 2020 byggjer på handlingsplanen som landsmøtet vårt har vedteke for perioden 2018 – 2021. Denne vart godkjent.

Ingen innkomne framlegg.

### **VAL**

Valnemnda ved Mariann Veivåg Helseth, Marie Gardner og Jostein Helland hadde gjort ein god jobb.

Alvhild Tveit og Annlaug Bjelland Eide hadde sagt frå seg attval. Dei fekk blomar for vel utført arbeid.

Utfallet av valet vart slik:

Leiar	Eli Roseth Eik	Ikkje på val – 1 år att
Skrivar/nestleiar	Berit Bergsvåg	Ikkje på val – 1 år att
Styremedlem	Gerd Skålevik	Ikkje på val – 1 år att
Styremedlem	Kari Tysnes Kjos	Ny for 2 år
Styremedlem	Mikal Saltvik	Ny for 2 år
Varamedlem	Odd Egil Solberg	Ny for 2 år, gjekk over frå fast til varamedlem
Varamedlem	Brit Vad	Ikkje på val – 1 år att
Revisor	Bente Stien Nysæter	Ny for 2 år
	Ansgar Bjelland	Ikkje på val – 1 år att
Vararevisor	Øyvind Alvsaker	Attval for 2 år

Ny valnemd: Mariann Veivåg Helseth, Jostein Helland og Bjørg Borrevik .

Eli Roseth Eik takka for frammøtet og ynskte alle vel heim.

## MEDLEMSBLADET

Det tidlegare medlemsbladet vårt er erstatta med Sunnhordlendingen. Sunnhordlendingen vart sendt ut vår og haust i 2020 samt ekstra med innbeding til julemøte og julehelsing.

## GRASROTANDELEN

5 stk. har så langt knytt seg opp mot vårt organisasjonsnummer 998 328 322. Dette gav oss kr.3686,17 i utbetaling frå Norsk tipping for 2020, (noko utbetalt i januar 2021) eit godt tilskot i ein slunken lagskasse.

## TURAR

### Korttur

Turen som skulle gå til Sørfylket vart avlyst pga. koronaen.

#### Lokal tur

Lokalturen til Halsnøy vart avlyst pga. korona.

#### Utanlandstur

Avlyst vart også turen til Polen.

### **HAGERUPSHUSET**

Treffa er 3. torsdag i månaden. Tal deltagarar auka jevnt fram til koronaen stengde huset. Huset er opna opp att, men oppmøtet har vore mindre i seinare tid.

### **JULEMØTET**

Samkoma var i år på Stord Hotell. Hotellet hadde god kontroll på smittevern. 20 personar var med på julebordet. Kulturskulen skulle spela for oss. Underhaldninga måtte avlysast pga. koronaen.

### **Medlemstalet i laget vårt er no 95.**

Laget har 12 fått nye medlemer i 2020.

Ingen har meldt seg ut.

Vi har hatt eit dødsfall.

### **I meldingsåret har det vore halde:**

1 Årsmøte

3 Styremøte

2 Styremøte er avvikla over telefon og epost

1 Julemøte

### **Representasjon:**

Leiar Eli Roseth Eik var på leiarsamling på Radisson Blue Airport Hotel på Gardermoen 5.-6. oktober 2020.

### **Sluttord:**

Vi takkar distribusjonssentralane på Husnes og Heiane for kontorteknisk støtte og lån av lokale til styremøta våre.

Stord 02.01.2021. Styret

Eli Roseth Eik

Berit Bergsvåg

Kari Tysnes Kjos

Gerg Skålevik

Mikal Saltvik

Arbeidsplanen vår for 2021 byggjer for ein del på handlingsplanen som landsmøtet vedtok for heile landsmøteperioden 2018 – 2021. Vi vil difor vidareføra dei punkta som er prioriterte der, men i tilpassa lokal form. Styret gjer framlegg om denne arbeidsplanen:

### **Vervemål**

Sunnhordland avdeling skal verva 4 nye medlemmer i perioden.

### **Handlingar som styret har ansvar for gjennom heile året:**

- Driva aktiv oppfølging av medlemmer i laget vårt.
- Kartleggja eksisterande medlemspotensiale.
- Skapa attraktive medlemsmøte, om mogeleg i samarbeid med andre.

### **Sosiale - og helsemessige mål**

Vi vil fremja samarbeidet med eldreråda og gjennom dei påverka kommunane i helsarbeidet.

### **Kulturelle mål**

Leggja til rette for å halda vedlike kontakten med tidlegare kollegar.

### **Handlingar som styret har ansvar for gjennom heile året:**

- Skapa attraktive medlemsmøte
- Tilby reiser, om mogeleg til subsidierte priser
- 1 korttur, 1 langtur
- Lokal tur
- Konsert, teater e.l.
- Skipa til julemøte/julebord
- Ta vare på lokal posthistorie